



Notat

Dato: 30.08.2017

Arkivsak: 2015/11453-100

Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Utsetting av kvalitetsmeldingane for Fagskolane i Hordaland

Kvalitetssystemet for Fagskolane i Hordaland fastset at fagskulane skal levere ei kvalitetsmelding til styret i september som syner tilbakemeldingar frå studentar, tilsette, sensorar og eksterne representantar for skuleåret 2016/17. I kvalitetsmeldinga skal fagskulane også gje ei skriftleg evaluering av funna i undersøkingane. Jf. årshjulet i kvalitetssystemet vert det gjennomført skulebesøk med oppfølging av kvalitetsmeldingane i oktober, og deretter skal skulane legge fram mål- og tiltaksplan i november.

Både Fagskolen i Hordaland og Hordaland helsefagskole har hatt utfordringar med å ferdigstilla kvalitetsmeldingane etter kriteria i kvalitetssystemet i tide til møtet i september, og saka vert difor først lagt fram for styret i november. Det er ulike årsaker til behovet for utsetting, men fagskulane og administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vurderer det slik at det er betre å utsette og forskyve tidsplanen enn at skulane leverer kvalitetsmeldingar som ikkje er fullstendige. Begge skulane har gjennomført student-, lærar- og sensor-evalueringane, men det manglar noko på eksterne representantar og leiinga si eiga evaluering.

På grunn av utsettinga vil skulebesøk verte gjennomført i november/desember, og mål- og tiltaksplan vert lagt fram for styret i januar 2018. Evalueringane frå studentar og tilsette m.m. vart henta inn på slutten av vår-semesteret, og skulane har difor allereie starta med å rette opp kritiske avvik. Såleis vert det ikkje ei forskyving av sjølve oppfølgingsarbeidet overfor studentane.